

Tilskot til prosjekt og tiltak - frivillig kulturliv. Hausten 2020

Nr	Søkjjar	Prosjekt-namn	Om prosjektet/ tiltaket	Totale utgifter	Søknads-sum	Tilråding	Grunngjeving
1	4H SOGN OG FJORDANE	Arrangørverkstad for ungdom	<p>«Arrangørverkstad for ungdom» er eit prosjekt som har som mål å styrkje arrangørkompetansen i frivilligheita, og såleis stimulere til auka kulturaktivitet i lokalsamfunna i regionen. Gjennom perioden skal det haldast 6 praktiske kveldskurs lokalt i regionen, 3 teoretiske webinar og 2 dagskurs som kombinerer dette. Kursa skal vere gratis å delta på, og vil gi ungdommar og frivillige ein møtestad for nettverksbygging i det frivillige kulturlivet. Gjennom bruk av webinar vil prosjektet også vere tilgjengeleg nasjonalt. Prosjektet vert organisert av ei arbeidsgruppe med ungdommar tilknytt 4H Landsleir 2022, og gjennom arbeidet ønskjer vi å rekruttere frivillige til landsleiren. Her kan ungdom utvikle arrangørferdigheitene sine.</p>	150 000	75 000	30 000	<p>4H Sogn og Fjordane vil skipe til "arrangørverkstad for ungdom" for å styrke arrangørkompetansen til frivillig ungdom. Tiltaket vil vere med å bidra som møtestad og til nettverksbygging innan frivilligheita, som vil bidra til utvida kulturaktivitet i lokalsamfunna. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, c, d, e og f.</p>

2	AKKS BERGEN	AKKS Bergens 25- årsfestival	AKKS Bergen markerer sitt 25-årsjubileum med en uke med ulike arrangementer, totalt 5 unike arrangementer. Det arrangeres både ungdomskonsert og ordinær konsert med profesjonelle artister, filmvisning i samarbeid med Bergen Filmklubb, debatt i samarbeid med Studentersamfunnet i Bergen, og den tradisjonsrike AKKS-bingo på Apollon Platebar. Festivalen skal markere hvor langt arbeidet med likestilling og mangfold i musikklivet har kommet, og hva som gjenstår. Festivalen hyller lokale artister og deres betydning i regionen.	148 000	25 000	20 000	AKKS Bergen har orientert om at delar av jubileumsfestivalen vart gjennomført i september, og at fleire av dei planlagte arrangementa er utsett grunna koronaepidemien. Dato for dei fleste arrangementa er fastsett, men gjennomføring vil bli vurdert fortløpande. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, c, d, e, f og g.
3	AKKS BERGEN	UFLAKKS 2021	UFLAKKS øker direkte og indirekte det rusfrie kulturtilbudet rettet mot ungdom, fra en scene som er delt av både voksne profesjonelle og unge amatører. UFLAKKS er med på å styrke arrangørkompetansen, både lokalt og nasjonalt, og bidrar til en profesjonalisering av musikkbransjen. Prosjektet består av en helårlig arrangørgruppe for nybegynnere som arrangerer konserter av og for unge, og et spesialisert mentorprogram for viderekomne, unge arrangører som samarbeider med festivalen Vill Vill Vest.	426 000	60 000	Avslag	UFLAKKS vart starta opp i 2013 som eit kulturtilbod og arena for å løfte unge musikarar og arrangørkompetansen, og tiltaket vart støtta av Hordaland fylkeskommune i oppstartsåra. AKKS Bergen får driftstilskot via fylkeskommunen, mellom anna for å drifte tiltak som UFLAKKS. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.

4	AKKS BERGEN	Eggstockfestivalen 2021 - med tilhørende fagdag og regionale møteplasser	Eggstockfestivalen er en festival for unge og uetablerte band i Vestland. Den er unik med sine lange tradisjoner tilbake til 60-tallet som et springbrett for unge musikere, og kan ses på som kulturarv for regionens innbyggere. Eggstockfestivalen 2021 går av stabelen 2. - 4. juni på Det Akademiske Kvarter. I forbindelse med festivalen utvikles det et kompetansehevingstiltak for artistene som deltar på festivalen, i tillegg til flere møteplasser i samarbeid med andre aktører rundt i regionen. 24 artister og 35 frivillige fra hele fylket deltar hvert år, og festivalen hadde i 2019 692 festivaldøgn.	361 500	70 000	40 000	AKKS Bergen vil gjennomføre Eggstockfestivalen 2021 4.-6. juni. Festivalen er springbrett, møteplass og eit kompetansehevande tiltak for unge musikarar frå heile Vestland. Nytt i 2021 er planlagte møteplassar i forkant av festivalen rundt om i regionen. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, c, d, e, f og g.
5	BEKKALOKKET FOTOKLUBB	3rd Fjord-Bergen International Exhibition of Photography	Bekkalokket Fotoklubb er en av dei leiande fotoklubbane i Norge og Norden. Klubben har fått eit internasjonalt renommé, og har vært med å formidle norsk fotografi ut i verden. I fjorårets konkurranse deltok 251 fotografar frå 43 land, med totalt 3400 fotografiar. I år som i 2019 vert det ein utstilling, og antakeleg vert det på Comfort Hotel Bergen Airport, men vi har tru på at vi kan få til utstilling andre stadar. Vi håper at Vestland Fylkeskommune stiller seg positiv til å bevilge kr. 10.000,- for at klubben skal klare å gjennomføre denne konkurransen/utstillingen som vil være med å sette kulturbyen Bergen på dagsorden i det internasjonale fotomiljøet.	91 000	10 000	10 000	Bekkalokket Fotoklubb har gjennomført digital fotokonkurranse med god deltaking frå både Norge og utlandet. Søknaden stettar vurderingskriteria a, c, d, e, f og g, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.

6	BJØRGVIN KRETS AV NORGES KFUK-KFUM	Ten Sing Norway besøks- turne mars 2021	Ten Sing Norway 2020/2021 (TSN) er eit eittåringsprogram i KFUK- KFUM bestående av 15-20 ungdommar frå ulike Ten Sing grupper i landet. TSN kjem til Vestland fylke som ein del av sin Norgesturne, med besøksveke i Bergen og omliggande kommunar i veke 10 eller 11. TSN formidlar Ten Sing ideologi gjennom show med musikk, dans og drama, gruppebesøk med miniseminar/workshops, skulebesøk (primært vgs) og kurs i korleis drive Ten Sing som eit inkluderande, åpent og trygt ungdomsarbeid. I tillegg har TSN sitt eige show som vi set opp som konsert i Bergen. TSN skal også besøkje ulike KFUK-KFUM- ungdomsgrupper, samt konfirmant- og ungdomsgrupper i kyrkjelydar. Vi vurderer også mogelegheitene for å få til skulebesøk/skulekonsertar.	57 000	15 000	Avslag	Bjergvin krets av Norges KFUK-KFUM søker om tilskot til Ten Sing Norway sin besøks- turne i mars 2021. Då tiltaket er del av ein nasjonal besøks- turne og blir gjennomført innanfor eit avgrensa geografisk område i Vestland tilrår fylkesdirektøren at søknaden blir avslått.
---	---	---	---	--------	--------	--------	---

8	Collegium Musicum	2 haustkonsertar for hungrande sjelar i ei vanskeleg tid.	Målsettinga for konsertane er: 1) Presentere levande klassiske konsertar på høgste nivå som kan nå ut til heile fylket og landet óg gjennom strøyming. Avdi koret og orksteret har medlem frå heile Vestland fylke, men óg frå andre delar av landet, så er interessen for å høyre og sjå CM via strøyming stor i heile fylket. Konserten ein hadde i juni vart fulgt over heile landet. 2) Halde eit av dei viktigaste stønadsmiljø for m.a. BFO og Bergen Nasjonale Opera intakt m.o.t. kvalitet og talet aktive. Det er planar om fleire CD og konsertproduksjonar CM skal vere med på i lag med BFO. 3) Syne at det er mogleg i vanskelege tider å nå breiare ut óg med mindre kjend musikk. Og på det viset vere med på å halde «kulturhjula i gong» på høgt nivå.	211 826	71 826	Avslag	Collegium Musicum søker om tilskot til gjennomføring av konsertar hausten 2020. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne få tilskot gjennom ordninga, og tilrår derfor at søknaden blir avslått.
---	-------------------	--	--	---------	--------	--------	--

9	De unges orkesterforbund Hordaland	Rett i Orkester	<p>Med prosjektet «Rett i orkester» ønsker vi å gi barn i Vestland mulighet til å spille sammen med andre i et orkester umiddelbart etter at de har begynt å spille et instrument.</p> <p>I dag må barna ha spilt et instrument i ett eller to år før de får muligheten til å bli med i et orkester. Det betyr at de første årene med øving på instrumentet skjer uten at de får ta del i et sosiale og musikalsk fellesskapet et orkester er. Øving på instrumentet kan være en ensom ting, og naturlig nok fører det til at en del faller fra tidlig.</p> <p>Dette vil vi gjøre noe med. I fjor startet vi med 3 orkestre i Bergen. I 2020/21 utvides prosjektet til 5 orkestre i Vestland og håper dette bare er starten på et større fokus på det sosiale ved å spille et instrument.</p>	357 200	50 000	30 000	<p>De unges orkesterforbund Hordaland vil gjennom prosjektet legge til rette for at flere unge musikarar får spele saman med andre unge i orkester. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, c, e, f og g.</p>
---	------------------------------------	-----------------	---	---------	--------	--------	---

10	DEN RUMENSKA FORENING I BERGEN	Kulturelt begivenhet med preg på tradisjon og mat.	<p>I denne vanskelige perioden hvor vi alle måtte holde oss i huset over en lang periode, og ikke kunne være sosiale på noen måte, var målet vårt, Den rumenske forening i Bergen å samles på et så pass stort område hvor både de små og de store kunne nyte naturen, og glede seg over mat med tradisjon og hverandres selskap. Barna kunne leke sammen og sykle i nærområde. Alle kom påkledd i nasjonal drakt, og fikk muligheten til å beskrive det området i Romania det kommer fra.</p> <p>Vi har presentert, og promovert aktiviteten på ulike nettsider. Vi har skaffet folk som har forberedt åtte ulike matvarer, og flere ulike desserter over flere dager. Vi har hatt folk som har hatt ansvaret for innkjøp av råvarer, og folk som har forberedt maten.</p>	30 298	25 000	Avslag	<p>Den rumenske forening i Bergen har gjennomført arrangementet med kulturaktiviteter og mat. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>
11	Etne Sogelag	Stølsbok	<p>Etne Sogelag har klar materiell for å gje ut bok som omhandlar nåverande og tidlegare stølar knytta til dei ulike gardane i store deler av Etne kommune. Det er ei nemnd samansett av medlemmer av sogelaget som har framskaffa informasjon om stølane og kor dei var plassert, arbeidet med dette er gjort på dugnad. Skulle denne informasjonen ikkje gå tapt var det på høg tid at dette blei tatt tak i, då det etter kvart var mange som har best kjennskap til stølane var gått bort.</p>	-	15 000	Avslag	<p>Etne sogelag søker om tilskot til å gje ut stølsbok. Det er ikkje lagt ved fullstendig budsjett saman med søknaden. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>

12	EvoLAN	EvoLAN 13 - Haustlan 2020	EvoLAN har tidlegare arrangert 12 slike arrangement på Bømlø, dette blir vårt 13 LAN arrangement. Me brukar 1 dag på opprigg dagen før det startar og ein dag på nedrigg etterpå. Under arrangementet kan deltakarane koma og gå så mykje dei vil frå idrettshallen der det er rigga til bord, straum og internett. Det blir arrangert konkurransar i fleire spill med premiar for personen eller laget som tar førsteplassen, samt andre humoristiske konkurransar. Me synest slike arrangement er viktig å halda på, at det er ein fin måte å sosialisera og treffe andre datainteresserte andre plassar enn berre over internett. Spill er blitt ein større industri enn film, noko som forsterkar behovet for å arrangera slike arrangement.	36 000	40 000	Avslag	EvoLAN blir arrangert for 13. gong denne hausten. Søkjaren har budsjettert med like mykje i billettinntekter til arrangementet som totale utgifter, og ser derfor ikkje ut til å ha behov for tilskotsmidlar for å få gjennomført arrangementet. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.
13	Fana Mållag	Garborg i ord og tonar	Prosjektet er ein presentasjon av diktarekteparet Arne og Hulda Garborg sitt liv i ord og tonar. Oddvar Skre vil fortelja, mens Øystein Skre og Cecilie Cathrine Ødegården syng, akkompagnert av Kristin Lunde. Songane reflekterer Arne og Hulda si reise gjennom livet og kva dei har betydd for nasjonsbygginga rundt førre hundreårsskifte. Framsyninga blei først vist på Asker Museum i november 2018. Planen er å framføra stykket i Fana Kulturhus laurdag 10. april og i kulturhuset Oseana 11. april 2021.	35 500	10 000	Avslag	Fana Mållag søker om tilskot til å framføre "Garborg i ord og tonar" i Fana kulturhus og kulturhuset Oseana i april 2021. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor avslag.

14	FJELLKORET	DÅ ME VAR UNG (prosjekt 2021)	Se prosjektet	250 000	76 000	Avslag	Fjellkoret søker om midlar til prosjektet "Då me var ung" i 2021. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.
15	Hardanger Spelemannslag	HardingFolk	Bakgrunn: Hardanger Spelemannslag har eit særskilt fokus på rekruttering og har i mange år arrangert folkemusikkurset "Dans, spel og song - alt pao ei gong" i Granvin. Det har vore auke i antall deltakarar dei siste åra, men mange av desse er vaksne og me freistar difor å setje i gang rekrutteringsprosjektet HardingFolk. Mål: Målet med HardingFolk er å møte aktuelle folkemusikarar og folkedansarar og eventuelt komande folkemusikarar og folkedansarar der dei bur ved å arrangere kurs og øvingar og ved å skape eit fruktbart miljø kring tradisjonane våre. Me ynsker å halde kurs i Ulvik, Eidfjord, Kinsarvik, Utne, Skare og i Kvam. Målet er også å samarbeide med lokale drivkrefter.	211 000	40 000	25 000	Hardanger Spelemannslag vil gjennom seks kurs og ei større samling i hardangerregionen rekruttere nye spelemenn og -kvinner til folkemusikk- og folkedansmiljøet. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den er i tråd med mål i regional plan og stettar vurderingskriteria b, c, d, e, f og g.

16	IPX	IPX LAN	<p>IPX består av ei gruppa frivillige som har arrangert datatreff ved Vikahaugane Stord Idrettspark 16 år tidligare. Me er 5 stk i styret og ca 45 personar totalt som tar oss av dette frivillig og tjener ingenting på dette sjølv. Det er blitt ein ting ungdommen gleder seg til å delta på. Dette synest me er veldig positivt då det er dette me ynskje å bidra med – at ungdommen skal ha eit artig alternativ dei kan nytta i haustferien. Ikkje berre er det kjekt å gå på IPX, men også meget lærerikt for mange. Me har i alle år vore veldig fokusert på at IPX skal vera eit 100% rusfritt arrangement !</p> <p>Det er også ein god arena for å utveksle kunnskap. Det er lærerikt, sosialt og kreativt på IPX !</p>	135 000	10 000	Avslag	<p>IPS LAN blir arrangert for 17. gong ved Vikahaugane Stord Idrettspark.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi.</p> <p>Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>
17	JAKOBSEN RÅDGIVING	Årebyggekurs for trebåt	<p>Vi holder kurset i Wærholm Havn. Vi har tar vare på det gamle båtbyggeriet på stedet.</p> <p>Kurs 10. og 11. oktober 2020</p>	22 700	13 800	Avslag	<p>Tilskotsordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillig kulturfeltet / amatørkulturfeltet i Vestland fylke.</p> <p>Enkeltpersonar kan søkje om tilskot på vegne av ei gruppe, jf. retningslinjene.</p> <p>Jakobsen rådgiving er eit enkeltpersonføretak, og fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>

18	Jon Martin Bjørkedal	Storefristøy	<p>Med tiltaka som er i samfunnet idag (korona), er musikk, glede og samhold viktigare enn nokon gang. Prosjektet har som mål å besøke 12-15 barne og ungdomsskular, og formidle levande musikk og glede i storefri ved dei forskjellige grunnskulane i gamle Sogn og Fjordane fylke. Reiseavstander avgjer noko om kvar det kan gjennomførast, men har sett opp ei fornuftig reiserute. Eg har snart 10 års erfaring med scene og sang.</p>		70 000	Avslag	<p>Tilskotsordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillig kulturfeltet / amatørkulturfeltet i Vestland fylke. Enkeltpersonar kan søkje om tilskot på vegne av ei gruppe, jf. retningslinjene. Bjørkedal søkjer om tilskot gjennom ordninga som enkeltperson, og fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått. Fylkeskommunen har ansvar for kulturformidling i skulane gjennom Den kulturelle skulesekken, og kunstnarar og kulturutøvarar kan søkje om å bli del i dette programmet gjennom årlege utlysingar.</p>
----	----------------------	--------------	--	--	--------	--------	--

19	Jungelen Ung	JUNG: Workshop s, Åpne dansetreni nger og filmvisnin ger høst/vinte r 2020	<p>JUNG er en idealistisk ikke-kommersiell virksomhet som startet opp i 2019 da JUNG ble invitert til å starte 'Jungelen Ung'-prosjektet på KODE 2 i Bergen av Bergen Assembly.</p> <p>Som en del av et flerårig-prosjekt, tilbyr JUNG høsten og vinteren 2020 workshops, åpne dansetreninger og filmvisninger for unge i Bergen mellom 13-26 år uavhengig av bakgrunn og kjønn. Tilbudene gir de unge muligheten til å utforske sin egen identitet i samspill med andre. Dette er viktig for flerkulturelle barn og unge i Norge, men også for alle ungdommer som prøver å finne sin identitet under press fra ulike hold.</p> <p>Aktivitetene skal foregå på Fargespillhuset og Studio Jungelen, og skal promottes via Fargespill, Jungelen, Jung og Brakkedans (Carte Blanche).</p>	970 000	120 000	Avslag	<p>JUNG inviterer hausten og vinteren 2020-2021 unge mellom 13 og 26 år med ulik bakgrunn til aktiviteter, workshop, åpne dansetreninger og filmvisninger i Bergen.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi.</p> <p>Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>
20	KLEPPE MUSIKKLAG	Julekonse rt	<p>Konserten skal gi unge talenter (musikere og sangere) sjansen til å vise sitt talent for publikum og sammen med Kleppe Musikklag som er et elitedivisjonskorps. Konserten er en konsert før jul og det blir naturligvis noe julemusikk, men også annen musikk som passer til anledningen.</p>	63 500	35 000	Avslag	<p>Kleppe musikklag søker om tilskot til gjennomføring av julekonsert.</p> <p>Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi.</p> <p>Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>

21	KROHNENGEN BRASS BAND	Krohnengen Brass Band sitt musikalske talentutviklingsprogram i Vestland fylke	Krohnengen Brass Band (KBB) sitt musikalske talentutviklingsprogram består av Solistkonsert med unge talenter, KBB sitt in med skolekorps, KBB hospitantordning og samlingen KBB UNG. Vår målsetning er å ivareta og utvikle korpsmusikk og korpsaktiviteter for egne musikanter i samspill med skolekorpsmusikanter i hele Vestland fylke. Gjennom inkluderende, motiverende og kompetansehevende tiltak skal vi bidra til utvikling av individuelle og kollektive ferdigheter i et musikalsk fellesskap på tvers av alder, kjønn, seksuell orientering og bakgrunn. Mål: Aktivitetene skal skape spilletglede og inspirasjon hos unge musikere, som igjen bidrar til at de fortsetter med musikk, samspill og som ressurspersoner i eget skolekorps.	200 000	60 000	30 000	Krohnengen Brass Band inviterer unge skulekorpsmusikantene fra Vestland til hospitering, solistkonsert, samarbeid og samling i 2020 og 2021. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den er i tråd med mål i regional kulturplan og stettar vurderingskriteria a, c, d, e og f.
22	Kvamskogen Vel	50-års jubileumsbok for Kvamskogen Vel - 1971-2021	50 års Jubileumsbok om Kvamskogen Vel vil gi innblikk i hvordan Kvamskogen har utviklet seg fra ca. 1800-tallet og til i dag. Hovedvekt på de siste 50 år. Det er 2400 hytter på Kvamskogen som vil ha glede av boken. Våre ca. 670 hyttemedlemmer er ellers vår målgruppe. Ca, 95% av hyttefolket er fra Bergen, men innbyggere i Kvam og Samnanger vil også ha stor glede av boken, mange av disse har hytte på Kvamskogen. Boken blir på 200 sider og trykkes av Grieg forlag i 1000 eks. Den føres i pennen av Eva Grimstad som har skrevet to jubileumsbøker tidligere for skoler i Bergen.	120 000	10 000	Avslag	Kvamskogen Vel søker om tilskot til å gi ut bok i høve 50-års jubileum. I følge retningslinjene for tilskotsordninga blir det ikkje gitt støtte til m.a. utgjeving av litteratur. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.

23	LINDÅS SOGELAG	Forprosjekt Festo Postmuseum (del av Strilamuseet)	<p>Postmuseet på Festo skal levandegjera lokal og regional posthistorie. Merksemnda vert retta mot postvegen mellom Bergen og Trondheim som frå 1785 hadde si rute gjennom Nordhordland, og ikkje minst den seinare koplinga mellom post, fjordabåt og landhandel. Sentralt i utstillinga står også eit vaskeekte postopneri frå 1970-talet – her vil mange kunne kjenna seg att.</p> <p>Allereie frå starten legg ein opp til å satsa på digitalisering - i samarbeid med Osterøy museum/Kulturverntenesta i Nordhordland. Det vil gjera museet uavhengig av tid og stad.</p> <p>Det er teke initiativ til samarbeid med Den kulturelle skulesekken. Det er også eit mål å verta synlege som besøkstad og attraksjon. Opningstider og arrangement skal utviklast i forprosjektet.</p>	375 000	100 000	60 000	Lindås sogelag søker om tilskot til eit forprosjekt for å etablere Festo Postmuseum med lokalt og regionalt perspektiv, gjennom utstilling, arrangement og digital formidling. Søknaden stettar vurderingskriteria b, c, d, e og g, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.
----	-------------------	--	--	---------	---------	--------	---

24	Maria Skjedrum Toppe	Utarbeidning av læreverk for hardingfellespel	Som hardingfelelærere opplever vi til stadighet at det er mangel på nedskrevet/innspilt opplæringsmateriale. Fagmiljøet er spredt, og det er sjelden mer enn en hardingfelelærer på hver plass. En viktig del av opplæringen er samspill, ofte i juniorspelemannslag med stort sprik i alder og nivå. Det er svært lite slåttmateriale arrangert for samspill på ulike nivå, og som lærere forsøker vi både å inkludere nybegynnerne og samtidig utfordre de viderekomne. På bakgrunn av dette ønsker vi å kunne etablere et læreverk for hardingfele basert på Vestlandstradisjonen, med slåtter og arrangementer tilpasset ulike nivå. Dette arbeidet krever to hoder, og tett dialog med miljøet og arkivene. Prosjektet er et samarbeid mellom Johanne Mjøs og Maria Toppe	160 000	100 000	Avslag	Maria Skjedrum Toppe og Johanne Løkensgard Mjøs ønsker å utvikle eit læreverk for hardingfele basert på vestlandstradisjonen e. Toppe og Mjøs fekk tildelt kvar sitt folkemusikk-stipend etter vedtak i Hovudutval for kultur, idrett og integrering i september 2020, til arbeidet med læreverket. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden om tilskot blir avslått.
----	----------------------	---	--	---------	---------	--------	---

25	Nordhordland spel- og dansarlag	Juniorsamling 2020	<p>Osterøy spel- og dansarlag og Nordhordland spel- og dansarlag ynskjer å skipa til Juniorsamling for barn og unge hardingfelespelarar i Hordaland. Kvar haust freistar me å i gang eit slikt kurs for unge spelmenn i Vestland.</p> <p>Juniorsamlinga er ei samling for unge hardingfelespelarar i fylket. Målet er å samla omlag 30 born og unge til ei spelsamling, over ei helg. I løpet av helga vil dei læra slåttar og samspel, speleteknikk og vera innom ulike rytmar i norsk folkemusikk. I tillegg til dette er samlinga viktig for at dei unge skal få eit miljø dei kan kjenne seg heime i, slik at dei vert motiverte til å halda fram med aktiviteten.</p> <p>Det er viktig å få med heilt ferske felespelarar, og å ha eit tilbod til ungdommar som har spelt ei stund.</p>	64 000	20 000	20 000	<p>Nordhordland spel- og dansarlag søker om tilskot til juniorsamling for hardingfelespelarar i Hordaland i november 2020. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria b, d, e, f og g.</p>
----	---------------------------------	--------------------	--	--------	--------	--------	--

26	ODDAKONSER- TENE	Pilegrimsp- elet "Den Lange Vegen"	<p>Pilegrimspelet Den Lange Vegen tar for seg pilegrimsvandringa til Røldal som gjekk føre seg meir enn 600 år, og som seinare har blitt tatt opp igjen. Folk kom til Røldal for å bli helbreda ved å tørka svetten frå krusifikset som framleis henger i kyrkja i Røldal. Sagnet som oppsto på 1200-talet er beskrevet i handlinga.</p> <p>Målet med pilegrimspelet er å vise at sjølve vandringa til Røldal er den viktigaste delen av frelsa folk søkte. Miraklene som ifølge sagnet skjedde, er omdiskutert og truleg overdrevet. Vi tek ikkje stilling til dette - men hovudpersonane i fortellinga har ei indre reise som er viktigare for historien.</p> <p>Musikk og manus vert utarbeidd i samarbeid med profesjonelle folkemusikarar og dramaturgar.</p>	1 530 000	75 000	40 000	<p>Oddakonsertene skal utvikle pilegrimsspelet Den Lange Vegen med mål om framsyningar i 2021.</p> <p>Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, b, d, e, og g.</p>
----	---------------------	---	--	-----------	--------	--------	--

27	Osterøy spel- og dansarlag	OsterFolk 2021	OsterFolk er eit omfattande rekrutteringsprosjekt der målet er å rekruttere 15-20 unge hardingfelespelarar og like mange toradarspelarar i løpet av eit par år. Me har fått 100 000 kr frå Dextra Musica til prosjektet, og kommunen går inn med DKS-midlar og stilingar i kulturskulen som kjem til å bli større etter kvart som elevtalet aukar. Osterøy museum stiller med lokale, mannskap og historieformidling. Aktivitetane våre er opne for deltakarar frå andre kommunar, og me sender ungane i OsterFolk på arrangement i andre kommunar. Me samarbeider med folkemusikkmiljøet i Bergen, Voss, Hardanger og Nordhordland. Tiltak: Barnesamspelsgruppe for hardingfele og torader, helgesamlingar, aktivitetsdagar på Osterøy museum, undervisning på SFO, m.m.	575 600	50 000	20 000	OsterFolk 2021 er eit stort prosjekt med mål om å rekruttere unge hardingfelespelarar. Sjølv om tiltaket primært er lokalt på Osterøy er det eit utstrakt samarbeid med mange andre folkemusikkmiljø i regionen. Effektane av prosjektet vil kunne vere med å halde folkemusikktradisjon en i regionen levande lenge. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, b, c, d, e og g.
28	Sogn og Fjordane ungdomslag	Huset i bygda	Forsamlingshusa på bygdene er svært viktig som sosiale møtestader, som arena for innøving og utøving av kultur og som kulturminne. Formålet med HiB er å hjelpe, støtte og inspirere alle former for organisasjonseigde kulturbygg i Vestland. Medverke til å skape meir synlege, sterkare og relevante organisasjonseigde kulturbygg med allsidig og inkluderande aktivitetar og tilstellingar.	1 145 899	260 000	100 000	Sogn og Fjordane ungdomslag søkte opprinneleg tilskot til treårig hovudprosjekt til Huset i bygda gjennom kulturelt utviklingsprogram (KUP) i Vestland fylkeskommune, men søknaden vart flytta til prosjekt og tiltak etter avtale med søkjar. Målet med Huset i bygda er å hjelpe, støtte og inspirere eigarar av organisasjonseigde kulturbygg i Vestland. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, c, d, e, f og g.

29	Stallens visevenner	10 aktiviteter for utvikling av talentfulle amatør-låtskrivere og artister	På grunn av korona trenger låtskriver/musikkmiljø å utvikle kompetanse innen e-læring og streaming slik at flest mulig kan delta elektronisk på de øvrige aktiviteter for talent og artist-utvikling. 1. Kurs i opptak, filmskaping og streaming 2 helger. 2. Kurs i e-læring, bygging av e-kurs. 3. Kurs i låtskriving. 4. Bli top-liner: Kurs i samskriving. 5. Hvordan skrive HIT-melodier og tekster. 6. Hvordan tonesette tekster. 7. Grip scenen. Hvordan forberede seg og gjennomføre en opptreden. 8. Mikrofon- og sang-teknikk. 9. Talentkonkurranse. 10. Innspilling / innsending av sanger til «Visebølgen 2020», en kulturhistorisk dokumentasjon av bredden man kan oppleve i norske viseklubber av skrive og spillelede.	660 000	100 000	50 000	Stallens visevenner inviterer låtskrivarar frå heile fylket til ulike kurs, konkurranse og innspeling av e-CD på "koronavenleg" vis. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, b, c, d, e, f og g.
----	---------------------	--	--	---------	---------	--------	--

30	STEFANO GIUSTI	Coconut Island	<p>Coconut Island er Stefano og Line Giusti og det er me som skal stå for det praktiske rundt arrangementet. Me har lang erfaring med konsertarrangement frå tidelagre år.</p> <p>I løpet av sein haust 2020 og vel eit år fram i tid ynskjer me å arrangera ei konserttrekkje på Stanghelle og ellers i Vaksdal Kommune.</p> <p>Me ligg midt mellom Bergen og Voss som gjer at me er eit godt supplement til artistar som skal ha større konsertar (i Bergen eller på Voss). På denne måten vil det bli lettare for artistar å gjennomføra ei konserttrekkje samt at me kan begrensa reising noko.</p> <p>Målet vårt er å stimulera til eit rikt kulturliv i Vaksdal Kommune og gje artistar ei ny scene å stå på.</p>	57 900	33 900	Avslag	<p>Stefano og Line Giusti søker om tilskot til ei konserttrekkje i Vaksdal kommune. Tilskotsordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillig kulturfeltet / amatørkulturfeltet i Vestland fylke. Stefano Giusti eit enkeltpersonføretak, og tiltaket er primært lokalt. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>
----	----------------	----------------	---	--------	--------	--------	--

31	Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk	Ull innerst i sjela	<p>Ull innerst i sjela er ein musikal skriven av Torstein Tvinnereim og komponert av Jon Are Steen.</p> <p>Musikalen fortel om dei 80 fyrste åra av den 130 år gamle industrihistoria til Innvik Ullvarefabrikk, fram til fabrikk flytta inn i nye lokaler i 1971.</p> <p>Gamlefabrikken er framleis Nord Europas største industritrevarebygning, og har ei spanande historie både i gamal og nyare tid. Målet er å vise denne historia og samstundes skape interesse for å ville vite meir. Det er også eit teaterprosjekt som er med på å utvikle det lokale teaterlivet, der vi brukar proffesjonelle instruktørar. Aktørane kjem frå store deler av Nordfjord, barn, ungdom og vaksne.</p>	750 000	100 000	50 000	<p>Med den nyskrivne musikalen Ull innerst i sjela vil Stiftinga Gamle Innvik Ullvarefabrikk løfte industrihistoria gjennom eit teaterprosjekt med profesjonelle og amatørar frå teatermiljøa i Nordfjord.</p> <p>Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria b, c, d, e og g.</p>
----	---------------------------------------	---------------------	--	---------	---------	--------	---

32	SVANØY FOLKEAKAD EMI	Solgangsfun k og buskspel	<p>Festivalen er ei massemonstring av levande kulturtrykk på øya som har vore eit viktig skandinavisk kultur- og impulsenter dei siste tusen åra. Vår festival bidreg til å vidareføre dette. Ein vil kunne oppleve kultur på garden, i garasjen, på verandaen, på ei togskinne (etter gruvedrift), oppå ein gammal kongegrav, osv. Vi ynskjer å syne folk kvardagen og historia på Svanøy i eit kulturperspektiv. Val av scener er gjort på bakgrunn av at vi meiner historia er felles eige. Om vi får støtte til "Solgangsfun & Buskspel 2021", er målet å gje helga endå meir breidde og gjere ho meir familievenleg. I nært samspel med kreftene på øya vil vi utvikle potensialet i fleire spanande arenaer på Svanøy for nye, eventyrlege kulturopplevingar.</p>	211 970	30 000	Avslag	<p>Svanøy folkeakademi planlegg med festival på Svanøy i 2021, men har ikkje fastsett tidspunkt og heile programmet for festivalen. Fylkesdirektøren ser at arrangementet kunne ha vore grundigare planlagt og vurderer tiltaket til å ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor avslag.</p>
----	----------------------------	---------------------------------	---	---------	--------	--------	---

33	Tone Reinertsen Hellesøy	Gospel Stunts	<p>Svingande, oppmuntrande konsertar, kanhende overraskande, på forskjellige (offentlege) stader.</p> <p>Øving og sosialt samvær - typisk ein heil laurdag eller ei helg - som kulminerer i "stunt-konsert(ar)".</p> <p>Målgruppe (songarar): - Ungdomsskule og oppover - Vaksne som har sunge i Ten Sing</p> <p>Målgruppe (publikum): Alle - til dømes i Varehuset Rosendal, på torget i Os eller i kommunestyresalen i Odda.</p> <p>Songarane blir med i ei fb-gruppe, og melder seg på kvart stunt. Dermed inkluderer vi dei som ikkje vil/kan binda seg til faste øvingstider.</p> <p>Underteikna spelar (groovy) piano, skriv songar og starta/dirigerte eit studentkor på "Noorse kerk" i Rotterdam som student</p>	135 000	90 000	Avslag	<p>Tilskotsordninga gjeld for aktørar eller aktivitetar innan det frivillig kulturfeltet / amatørkulturfeltet i Vestland fylke.</p> <p>Enkeltpersonar kan søkje om tilskot på vegne av ei gruppe, jf. retningslinjene. Hellesøy søkjer om tilskot gjennom ordninga som enkeltperson, og fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>
34	TORGDAGEN I BERGEN	Torgdagen i Bergen	<p>Torgdagen er ein årviss merkedag for bymann og stril. Denne dagen syder Torget og Vågen av liv, lyd, lukt og opplevingar.</p> <p>Kystkulturen innanfor fleire område er synleg gjennom store og små båtar, song, musikk, stev, historiar, fiske, tradisjonsmat, og tradisjonshandverk for både kvinner og menn. Langs alle kaikantar ligg små og store tradisjonsbåtar, og på Torget er folk kledd i gamaldagse klede.</p> <p>Torgdagen i Bergen er ein festdag som er gratis og tilgjengelig for alle.</p>	370 000	50 000	40 000	<p>Torgdagen i Bergen har lang tradisjon som eit stort regionalt arrangement som fremjar kystkulturen og frivillig kulturararbeid. Søknaden stettar vurderingskriteria a, b, c, d, e, f og g, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta.</p>

35	UNG I KOR - VEST	Ervesong	Innstudering og samøving av verket Ervesong og konsertgjennomføring i april 2021. Ervesong er eit nyskapande verk i høve bruk av immateriell kulturarv skrive av komponist Inger-Kristine Riber. Komposisjonen knyter saman fortid og notid, og nyttar folketonar frå fylket for å gje ein nye generasjon songarar kunnskap om Vestland si musikalske søge og tradisjon. 150 Born skal medverka som utøvarar i urframføring i Grieghallen 18. april 2021, saman med 16 profesjonelle musikarar frå Vestland. Sjå vedlegg.	960 000	100 000	35 000	Ung i Kor Vest fekk i 2020 tilskot frå Vestland fylkeskommune til forprosjektet til Ervesong med mål om m.a. seminar for unge koristar i Vestland. Dette er no gjennomført delvis digitalt og ved besøk til dei lokale kora. Det blir no søkt om midlar til hovudprosjektet med mål om framsyning i Grieghallen i april 2021. I tillegg til tilskot vil fylkeskommunen bidra til prosjektet gjennom arbeidstida til fylkesmusikar Reidun Horvei. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den stettar vurderingskriteria a, c, d, e, f og g.
36	UNG KYRKJESONG VEST	Regionalt ungdomskor Vest	Regionalt ungdomskor Vest (RUV) skal til Førde for å øve og synge konsert i Førde kyrkje sammen med koret Via Vitae. RUV samlar korister fra Stavanger i sør til Førde i nord og er for sangglade ungdommer i alderen 12 - 26 år. Koret har 4 samlinger i 2020; 7. - 9. februar (Bergen), 28. - 30. august (Bergen), 18. - 20. september (Stavanger) og 13. - 15. november i Førde. Vi etterstreber å tilby ungdommene et sunt arrangement som oppfyller alle smittevernkrav, har et godt faglig innhold og med tid til å være med nye venner.	43 000	25 500	Søknaden er trekt	Ung Kyrkjesong Vest fekk støtte via prosjekt og tiltak til deler av prosjektet i vår, og har meldt om at siste helgesamling ikkje blir gjennomført grunna covid19-pandemien. Søknader er derfor trekt.

37	UNGDOMSLAGET FRAMSTEG	Framtun scene	<p>Framtun scene er ei nystarta sjangerfri konsertscene i Ungdomshuset Framtun på Rossland i Alver kommune. Scene er starta opp og blir drifta av Ungdomslaget Framsteg. Målet er å skape eit hus for profesjonelle musikkopplevingar der både eit spesielt interessert publikum, men også eit meir mangfaldig musikkinteressert publikum, kan kjenne seg heime.</p> <p>Framtun scene er med i et pilotprosjekt tilknytt eit nettverk av andre arrangørar gjennom Noregs Ungdomslag Kulturformidling. Prosjektet har som mål å bygge opp turné-nettverk av arrangørar og scener blant dei nær 400 lokallaga og 220 ungdomshusa som er tilknytt Noregs Ungdomslag.</p>	580 700	40 000	Avslag	<p>Ungdomslaget Framsteg søker om tilskot til å utvikle konsertscena i ungdomshuet Framtun på Rossland. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.</p>
38	VESTLAND FYLKESKOMMUNE Høyanger vgs	Kantinescene - kultur, musikk, dans	<p>Skulen har opp gjennom åra fått bygd scene og har ivrige tilsette som prøver å få ungdommen med inn i musikken. Vi har mellom anna eit lærarband som tar med seg elevar ca 1 gang i mnd på scenen og framfører sang og/eller musikk. Mesteparten av utstyret er privateigd og vi ynskjer no at skule skal kunne kjøpe inn utstyr som kan brukast for tilsette og elevar til føremålet.</p>	100 000	100 000	Avslag	<p>Høyanger vgs. søker om støtte til å kjøpe inn scene- og musikkutstyr. I følgje retningslinjene for tilskotsordninga kan ein ikkje støtte tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale eller kommunale institusjonar, og fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir avslått. Vi oppmodar søkjaren om å søkje midlar via støtteordninga Kulturrom.</p>

39	VOSS SOGELAG	"Vossabygdene", utgjeving lokalhistoriske bøker	Me har som mål å gjera eit særs rikt historisk materiell, utkome i lite opplag frå 1910 og utover, allment tilgjengeleg ved å tilføra biletmateriell, og utgje det i bokform. Band 1 og 2 er no ferdige, og det vert arbeidd med band 3 til 5. Økonomi er det som kan stogga fullføring av prosjektet.	230 000	130 000	Avslag	Voss sogelag søker om tilskot til å gje ut band 3 til 5 av "Vossebygdene". Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å primært vere lokalt. Kommunane skal støtte lokale tiltak, fylkeskommunen tiltak med regional verdi. Fylkesdirektøren tilrår derfor at søknaden blir avslått.
40	ØYGARDEN KULTURRÅD (ØKR)	Etablering av amatørkulturråd i Øygarden	Prosjektet går ut på å etablere et kulturråd for alle former for kulturell virksomhet i Øygarden kommune. Målsetningen er å bygge et samarbeid med kommunen for å støtte og hjelpe alle som driver kulturell virksomhet på amatørbasis. Kulturrådet har hittil arbeidet med å kartlegge lag, organisasjoner og enkeltpersoner som faller inn under paraplyen vår, over 200 lag så langt.	32 000	17 000	15 000	Øygarden kulturråd søker om tilskot til etablering av amatørkulturråd i Øygarden i 2020. Etablering av amatørkulturråd er nemnt som eit mål i regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, og fylkesdirektøren er positiv til å kunne vere med å støtte oppstart av tiltaket. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden blir støtta, då den er i tråd med mål i regional plan og stettar vurderingskriteria a, c, d og g.

41	ØYGARDEN SOGELAG	Krigsminn et "Bunkeren på Neshaugen"	Neshaugen var en gammel utsiktsplass for det gamle tunet på Neset i Blomvåg. Stedet ble brukt av den norske nøytralitetsvakten før krigen. I forbindelse med byggingen av den tyske flyplassen på Herdla ble anlegget på Neshaugen utvidet og det ble opprettet en såkalt Flugwa (flugwacht/flymeldepost) her. Øygarden sogelag har restaurert hoveddelen av anlegget. Det er laget en avtale mellom sogelaget og Kystmuseet. Området er omtalt i kulturminneplanen for Øygarden kommune. Området er vernet ved reguleringsplan. Verneområdet ble utvidet etter initiativ fra Hordaland fylkeskommune. Samarbeid med Kystmuseet/Museum Vest som omfatter Herdla i Askøy kommune. Regional kulturplan for Hordaland pkt. 5.5. , kulturminnes som ressurs; krigsminne.	68 000	34 000	Avslag	Øygarden sogelag søker om midlar til å setje i stand krigsminnet "Bunkeren på Neshaugen". Fylkesdirektøren ser positivt på tiltaket, og oppmodar søkjaren om å søkje midlar frå kulturminnefondet eller gjennom tilskot til verna kulturminne via Vestland fylkeskommune. Tiltaket er mellom anna til innkjøp og vedlikehald, noko som ikkje vert støtta gjennom tilskot til prosjekt og tiltak. Fylkesdirektøren tilrår derfor avslag på søknaden.
----	---------------------	--	---	--------	--------	--------	--

42	ÅSANE UNGE STRYKERE	Ung Folkemusi kk	<p>PROSJEKTBEKRIVELSE: FOLKEMUSIKKPROSJEKT- Ung Folkemusikk</p> <p>Åsane Unge Strykere er et foreldredrevet barne- og ungdomsorkester som holder til i Åsane bydel i Bergen. Vi har ca. 25 aktive medlemmer i alderen 7 – 16 år. I forbindelse med Kulturfest Åsane 2020 planlegger vi et folkemusikkprosjekt i samarbeid med profesjonelle folkemusikkutøvere. Vi ønsker å få arrangert slåtter fra Nordhordland som vi kan øve inn og få fremført for å gjøre denne musikken fra distriktet vårt mer kjent og tilrettelegge for en ny brukergruppe av lokal folkemusikk. Vi har inngått samarbeid med bl.a Vegar Vårdal fra Norges Musikkhøgskole og to lokale folkemusikkutøvere.</p>	76 000	20 000	Avslag	<p>Åsane Unge Strykere søker om midlar til folkemusikkprosjekt i samarbeid med profesjonelle utøvarar, for å gjere musikk frå distriktet meir kjent. Fylkesdirektøren vurderer tiltaket til å ikkje ha tilstrekkeleg regional verdi til å kunne bli støtta, og tilrår derfor avslag.</p>
				12 001 593	2 323 026	615 000	